

## Søknad

<b>Søknadsnr.</b>	2016-0069	<b>Søknadsår</b>	2016	<b>Arkivsak</b>
<b>Støtteordning</b>	Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2016			
<b>Prosjektnavn</b>	Folkehelse og ernæring - Klenkarberget Sommarcamp			

### Kort beskrivelse

Kosthald og ernæring er viktige områder i folkehelsearbeidet, og vi er kjent med at barn og unge er prioriterte målgrupper. Haugen idrettslag ønskjer å gje aktive campdeltakarar gode og næringsrike måltid når dei deltek på Klenkarberget Sommarcamp.

### Prosjektbeskrivelse

Klenkarberget Sommarcamp har fokus på fysisk aktivitet, og vi meinat at gode og næringsrike måltid er svært viktig for dei aktive barna. Livserfaringane til barn og unge formar helsa og ernæringsvanane gjennom heile livet. Det er kjent at samansetning av kosthaldet påverkar risikoen for ein rekke av dei store folkesjukdommane som diabetes, hjerte- og karsjukdomar, og nokre kreftformer.

For Sommarcamp 2014 etablert vi for første gong eit eige matprosjekt der vi serverte om lag 2.300 måltid basert på sunne og gode råvarer. Vi inngjekk eit samarbeid med elevverksemda Fiskeriket UB frå kokkelinja ved Måløy vidaregåande skule. Fiskeriket UB forberedte mange av lunsjmåltida i forkant av arrangementet, og våre eigne Fiskeriket-kokkar ferdigstilte og serverte måltida kvar campdag. Dette vart også gjennomført i 2015.

Lunsjmåltida på Sommarcampen var basert på gode lokale råvarer, i tillegg til at Fiskeriket-kokkane våre skapte entusiasme og interesse for god mat gjennom matlaging ute i friluft og med deltaking frå barna. Kvar dag fekk barna servert frukt og grønsaker.

For å kunne tilbrede måltid i eit miljø som tilfredsstiller krava til Mattilsynet har vi gjennomført eit omfattande oppussingsprosjekt av kjøkenet på klubbhuset til idrettslaget. Det vart bytta kjøkeninnreiing og kvitevarer, i tillegg til at det vart kjøp inn nytt inventar og utstyr. Arbeidet med oppgraderinga vart utført på dugnad av medlemmar i idrettslaget, og utstyr/inventar vart kjøpt inn med gode rabattordningar. Oppgraderinga har verdi for meir enn kr 200.000. Vi har soleis gjort store investeringar for å kunne fortsette å servere god og næringsrik mat på Sommarcamp i framtida.

Vi opplever at matprosjektet har vore ein stor suksess! Den gode maten har blitt veldig godt motteke av dei deltagande barna, og fokuset rundt næringsrik mat og gode smakar har vore svært vellukka.

### Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
<b>Søker / Prosjekteier</b>	Haugen Idrettslag v/Klenkarberget Sommarcamp Org.nr:981556542	Lundenvegen 21 B 6770 NORDFJORDEID	91867977

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Kontakt-person	Henning Haugen	Lundenvegen 21B 6770 NORDFJORDEID	91867977
Prosjekt-leder	Henning Haugen	Lundenvegen 21B 6770 NORDFJORDEID	91867977

**Mottatt offentlig støtte tidligere:** Ja

Hovudutval for plan og næring i Sogn og Fjordane fylkeskommune handsama søknad om prosjektmidler til prosjektet «Folkehelse og ernæring for barn og unge på Klenkarberget Sommarcamp» i sak 85/13 den 26. november 2013. Hovudutvalet løyvde kr 55.000,- til prosjektet, og dersom prosjektet kunne rapportere om god måloppnåing og gjennomføring i 2014 ville fylkeskommunen vurdere nye løyvingar for 2015 og 2016. Vi fekk også kr. 55 000 i 2015.

Det å servere kvalitetsriktig mat kostar dessverre mykje! Vi ser at vi er avhengig av å få sponsorstøtte for å kunne fortsette å gje dei aktive barna den maten vi meinar dei fortunar! Vi søker om tilskot for den meirkostnaden vi har av å tilby næringsrike og sunne måltid for våre aktive campdeltakrarar.

**Spesifikasjon****Bakgrunn**

Klenkarberget Sommarcamp er eit aktivitetstilbod for barn og unge i sommarvekene – med fokus på fysisk utfolding i natur og friluft. Det er Haugen idrettslag i Eid kommune som står som arrangør av tilboden, og i 2016 vert det tiande året på rad at arrangementet vert gjennomført.

Målet vårt er å gje barna eit trygt og godt aktivitetstilbod i sommarvekene.

Sommarcampen er eit dagtilbod for barn i alderen 6-13 år frå heile Nordfjord, samt for tilreisande barn som for eksempel vitjar besteforeldre eller familie i ferien. Klenkarberget Sommarcamp blir arrangert i fire veker rett etter skuleslutt i juni. Sommaren 2015 hadde vi 295 deltagande barn som fekk oppleve ei aktivitetsveke i regi av Sommarcampen.

**Prosjektmål**

Målsettinga vår er at campdeltakarane skal få oppleve nye og gode smakar av næringsrike måltid på Sommarcamp.

**Forankring**

Sommarcampen har fått svært gode tilbakemeldingar frå barn og foreldre som tidlegare har delteke på arrangementet. I god idrettslagsånd ønskjer vi at så mange barn som mogleg får anledning til å delta på Sommarcamp, og derfor set vi deltakaravgifta lågt.

For å kunne arrangere Klenkarberget Sommarcamp med lav deltakarpris og med den kvalitet, sikkerheit og aktivitetsnivå som vi meinar er riktig, så er vi avhengig av gode samarbeidspartnarar som støttar Sommarcampen med økonomiske bidrag.

Hovudsstyret i idrettslaget og klubben sine medlemmar er svært positive til arrangementet. Sommarcampen får veldig god hjelp frå frivillige i idrettslaget, både i forkant og undervegs i arrangementet. Desse har bidrige med køyring, levering av lunsjmåltid, dagleg tilrettelegging for aktivitetar, oppsetting og nedrigging av overnattingsbasar osv.

Det er ingen tvil om at Sommarcampen er blitt stort og omfattande, og alt av organisering og tilrettelegging av tilbodet vert gjennomført på dugnad. Dette gjeld alt frå arbeid med administrasjon, sponsor, søknadar, profilartiklar, tilsetjingar, rekneskap, web-løysingar, påmeldingar og informasjon til foreldra, tilrettelegging av basar og areal mm. Her snakkar vi om ei betydeleg mengde med dugnadstimar.

### **Prosjektorganisering**

Klenkarberget Sommarcamp er definert som ei eiga gruppe under Haugen idrettslag i Eid kommune. Sommarcampen har eit eige styre som består av leiar Henning Haugen og styremedlemmar Geir Holmen, Siri Kjøsnes, Erika Klokk, Ingrid Naustdal og Ole Hopland. I tillegg er vi klare til å inngå avtale med ein lokal kokk, som vil tilberede mykje av maten på førehand og lage til måltida under Sommarcampen.

### **Samarbeidspartnere**

Klenkarberget Sommarcamp har samarbeid med Eid kommune, i tillegg til lokale verksemder og øvrige støtteorganisasjonar (prosjektmidlar). Ernæringsprosjektet vil inngå ei samarbeidsavtale med ein lokal kokk.

### **Aktiviteter**

Vi vil gje barna spesielle opplevingar ved fysisk utfolding i naturen og nærmiljøet på Haugen. Vår arena er frå fjell til fjord, og aktivitetane er mange og varierte. Trivsel er viktig, så barna skal delta i planlegging og kunne påverke aktivitetane. Ny dag blir nye opplevingar.

Dagane vert utforma ut frå veret og barna sine ønskjer, og vil innehalde eit vrimmel av aktivitetar: fjellturar, bading, fisking, blåturar, handball, fotball, orientering, rebusløp, klatring, matlaging, sykkelturar, friidrett, hesteskokasting, turar langs med elva og bruke nærmiljøområdet til Haugen skule med blant anna jungel-leik og mykje mykje meir.

For dei eldste barna tilbyr vi aktivitetar som er noko meir utfordrande enn kva ordinær Sommarcamp kan tilby. Vi meinat det er viktig med lærerike friluftsopplevelingar som gjev meistringsfølelse for alle, samtidig som vi alltid vil prøve å finne ein god balanse mellom tilrettelegging og fritidsbehovet for barn og ungdom. Aktivitetane vil bestå av kano og kajakkpadling, rappellering, orientering, roing, sykling, fiske, fjelltur, gruppeleikar i skog og mark, flåtebygging, kart og kompass, fjellvet, mat i naturen og mykje mykje meir.

### **Målgrupper**

Sommarcampen er eit dagtilbod for barn i alderen 6-13 år frå heile Nordfjord, samt for tilreisande barn som for eksempel vitjar besteforeldre eller familie i ferien.

### **Resultat**

Både fysisk aktivitet og folkehelse er viktig for barn og unge. I tillegg til å gje barna aktive og kjekke sommardagar ønskjer vi å legge til rette for at barn gjer sunne val når det gjeld mat og ernæring. Vi veit at det er viktig å ha fokus på den verdien måltidet har, både sosialt og ernæringsmessig.

### **Effekter**

Vi ønskjer å legge til rette for at barn og unge får positive erfaringar med sunn og næringsrik mat på Sommarcamp.

## Tids- og kostnadsplan

### Tidsplan

Vi vil tilsette ein kokk i løpet av mars. I april, mai og fram til Sommarcamp - start 20.06, vil denne kokken bruke kjøkkenet på Klenkarberget til å produsere mykje av maten. Undervegs i camp-perioden, vil mykje av tida brukast til å tilberede måltida. Litt produsering vil også skje under Sommarcampen.

### Kostnadsplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
Innkjøp - råvarer	50 000					50 000
Innkjøp - utstyr	10 000					10 000
Løn til kokk	50 000					50 000
<b>Sum kostnad</b>	<b>110 000</b>					<b>110 000</b>

Løn til kokk gjeld både produsering av mat på førehand og tilbereding under Sommarcampen.

Ved at vi skal lage maten på Klenkarberget, må vi gjøre innkjøp av diverse utstyr, bl.a. vakumeringsmaskin og poser.

### Finansieringsplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
Eigenkapital	55 000					55 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2016	55 000					55 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>110 000</b>					<b>110 000</b>

### Geografi

1438-Bremanger, 1439-Vågsøy, 1441-Selje, 1443-Eid

### Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
Prosjektstøtte 141203 Matprosjekt S&Fj Fylkeskommune til Klenkarberget Sommarcamp.pdf	102 428	13.03.2016